

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010  
0030 OSLO

Dato: 01.09.2014  
Vår ref.: 2014/17734-3  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.: 11/1732

## Høyringsuttale - bruk av betalingseining i motorvogner

Me viser til høyringsbrev frå 13.06.2014. Fylkesutvalet handsama 28.8.2014 saka «Høyringsuttale - forslag til forskrift om krav til bruk av betalingseining i motorvogner», PS sak 191/14, og gjorde slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet støttar forslaget til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og den føreslegne endringa i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter».»*

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Thorbjørn Aarethun  
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/17734-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		20.08.2014
Fylkesutvalet		28.08.2014

## Høyringsuttale - forslag til forskrift om krav til bruk av betalingseining i motorvogner og endring i forskrift om kontrollmynde

### Samandrag

Samferdselsdepartementet har i brev frå 13.06.2014 sendt forslag til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og endring i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter» på høyring. Forslaget til forskrift om betalingseining er heimla i Vegtrafikklova §13 tredje ledd, som opnar opp for at departementet kan fastsetja forskrift om at kjøretøy med tillatt totalvekt over 3 500 kg skal vera utstyrt med elektronisk betalingseining (dvs. bombrikke) tilknytt gyldig avtale for køyring på offentlig veg. Høyringsfristen er sett til 4. september 2014.

Fylkesrådmannen viser til fylkesutvalet sin uttale frå 21.6.2012, sak 155/12, der fylkesutvalet stør forslaget om innføring av obligatorisk betalingseining for tunge køyretøy. Det er viktig å sikra likebehandling av norske og utanlandske transportørar. Obligatorisk betalingseining for tunge køyretøy vil motverka konkurransevidriding mellom norske og utanlandske køyretøy og medverka til å sikra korrekt trafikantbetaling.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og den føreslegne endringa i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

### Vedlegg

- 1 Høringsbrev - Forslag til forskrift om krav til bruk av elektronisk betalingsenhet
- 2 Forskrift om elektronisk betalingsenhet i motorvogner (L)(1039715)

## Fylkesrådmannen, 25.06.2014

### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev frå 13.06.2014 sendt forslag til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og endring i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter» på høyring. Forslaget til forskrift om betalingseining er heimla i Vegtrafikklova §13 tredje ledd, som opnar opp for at departementet kan fastsetja forskrift om at kjøretøy med tillatt totalvekt over 3 500 kg skal vera utstyrt med elektronisk betalingseining (dvs. bombrikke) tilknytt gyldig avtale for køyring på offentlig veg. Høyringsfristen er sett til 4. september 2014.

### Frå høyringsnotatet og forslag til forskrifter

#### Formål

Formålet med pålagt elektronisk brikke er å effektivisera innkrevinga til bompengeselskapa og å auka bompengeinntektene ved at fleire trafikantar gjer opp for seg. Obligatorisk brikke gjer det lettare å krevja inn bompengar frå utanlandske trafikantar. Like bruksvilkår gjev likare konkurranse mellom norsk og utanlandsk transportnæring.

#### Verkeområde

§1 i forslaget:

*«Motorvogner med tillatt totalvekt over 3 500 kg som er registrert på foretak, stat, fylkeskommune eller kommune, eller som på annen måte benyttes i næringsvirksomhet, skal ved all kjøring på offentlig veg være utstyrt med elektronisk betalingsenhet. Påbudet etter første ledd gjelder ikke traktorer og motorredskaper. Tilsvarende gjelder påbudet ikke kjøretøy som er tilknyttet NATO militære hovedkvarter, utenlandske NATO styrker og styrker som er med i Partnerskap for fred, og påbudet gjelder heller ikke militære stridskjøretøy, selvdrevne artillerisystemer og lignende kjøretøy som er eid av forsvaret.»*

#### Krav til betalingseininga

§ 2 i forslaget:

*«Med betalingsenhet etter § 1 menes en godkjent innretning i norske trafikantbetalingssystemer, som avleses når motorvognen passerer en bomstasjon eller et annet betalingsnett på veg. Betalingsenheten skal være godkjent for bruk i hele Norge og være tilknyttet norsk eller utenlandsk utsteder av betalingsenheten ved gyldig avtale. Avtalen og betalingsenheten skal være knyttet til den enkelte motorvogn, og motorvognen skal være knyttet til en gyldig avtale. Norske utstedere av betalingsenheter kan fastsette generelle betingelser i avtalevilkårene om avtaleforholdet, avtaleperiode, endring av avtalen og oppsigelse og bestemmelser om brukerens ansvar knyttet til bruken av betalingsenheten, betaling av depositum for betalingsenheten og betalingsvilkår.»*

#### Ansvar

§ 3 i forslaget:

*«Eier av motorvognen etter § 1 er ansvarlig for at motorvognen er utstyrt med elektronisk betalingsenhet med gyldig avtale. Dersom fører av motorvognen ikke er den samme som registrert som eier, er føreren solidarisk ansvarlig. Ved leasing regnes leasingtaker som eieren av motorvognen.»*

#### Kontroll og sanksjonar

Statens vegvesen og Politiet har mynde til å krevja stans av køyretøy og utføra kontroll av køyretøy etter §10 første ledd i Vegtrafikkloven. Departementet legg til grunn at §10 også heimlar kontroll av at brikke vert nytta. Departementet legg også opp til å endra forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter», slik at Tollvesenet kan kontrollera at køyretøya er utstyrt med elektronisk betalingseining med gyldig avtale.

Departementet arbeider med å utvida retten til å halda tilbake motorvogner til også å sikra gebyr pålagde av Statens vegvesen, Politiet og Tollvesenet. På sikt vil departementet også utgreia og vurdere nærmare ei lovendring som gjer at køyretøy kan haldast tilbake ved ubetalte pengekrav, slik som bompengar. Departementet vil koma tilbake til desse forslaga i eigne høyringar.

Departementet ser det som naudsynt å innføra ei gebyrordning for brot på påbødet om betalingsbrikke. Frå §5 i forslaget til forskrift:

*«Politiet, tollvesenet og Statens vegvesens regionvegkontorer kan ilegge overtredelsesgebyr på kr 8 000 for følgende overtredelser:*

- a) unnlatt bruk av lesbar elektronisk betalingsenhet med en tilhørende gyldig avtale tilknyttet motorvognen*
- b) bruk av betalingsenhet med avtale tilknyttet feil takstgruppe*

*Ved gjentakelse kan det ilegges dobbelt overtredelsesgebyr. Overtredelsesgebyret kan ilegges eieren, føreren eller leasingtaker etter ansvaret i § 3.»*

#### Økonomiske konsekvensar

Departementet legg til grunn at påbødet kan føra til omlag 20 – 25 mill.kr. i auka bompengainntekter for bompengeselskapa. Men berekningane er førebelse og svært usikre. Bompengeselskapa vil få lågare innkrevingskostnader, men må rekna med noko auka resursbruk til informasjon og kundeservice. Det er også lagt opp til at ein kan dela ut bombrikker på tollstasjonane. Kostnadane knytt til distribusjon på grenseovergangane, inkludert internettløysing for avtaleinngåing, er førebels rekna til omlag 5 mill. kr.

Staten vil få kostnader i samband med innføringa av ordninga og til kontroll med at brikkepåbødet vert følgd. Etter forslaget skal dei pålagde gebyra for brot på brikkepåbødet tilfella statskassen.

#### **Tidlegare fylkespolitisk vedtak**

Fylkesutvalet handsama 21.6.2012, sak 155/12, «Høyringsuttale - forslag om innføring av obligatorisk betalingseining for tunge køyretøy» - og gjorde slikt vedtak»:

*«Fylkesutvalet støttar eit påbod om obligatorisk betalingseining i tunge køyretøy, med tilhøyrande avtale om ferdsle på offentleg veg – og Vegdirektoratet sitt forslag om endring i §13 i Vegtrafikkloven, for å heimla eit slikt påbod.»*

#### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen viser til fylkesutvalet sin uttale frå 21.6.2012, sak 155/12, der fylkesutvalet stør forslaget om innføring av obligatorisk betalingseining for tunge køyretøy. Det er viktig å sikra likebehandling av norske og utanlandske transportørar. Obligatorisk betalingseining for tunge køyretøy vil motverka konkurransevidvriding mellom norske og utanlandske køyretøy og medverka til å sikra korrekt trafikkantbetaling.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtta forslaget til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og den føreslegne endringa i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter».